

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Hosanger.

Emne: Lauving.

Bygdelag: Indre Hosanger.

Oppskr. av: Edv. Halvorsen

Gard: Romarheim.

(adresse): Romarheim

G.nr. 42 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Mest etter Andr. I. Romarheim, 67 år gammal.

SVAR

Nei, det er godt som heilt slutt med å lauva her no; ein kan vel seia at dei slutta med det arbeidet for omlag 40 år sidan.

Før den tid var det vanleg å lauva, (å logga kalla dei det), og arbeidet vart oftast gjort før slåtten. I jonsok-tider gjekk karane i skogen og lossta; d.v.s. taka never og bork av bjørk. Dei felte bjørketrei, og medan karane flensa av never og bork, laut kvinnfolki skjera lauvet av med sigd, og bundta det saman i kjerv. Kjervi vart borne heim på vanlege byrdetau, og lagt til turkings på skukkar i løa, eller oppunder taket. Stundom kunne dei turka Kjervi ute og, men helst ville dei ha dei i løa så snart råd var.

I eldre tid - for 100 år sidan, eller sa) bruksa dei og å stuva einskilde tre, serleg askar, med visse års mellomrom; kor mange år, veit ikkje nokon å seia.

Lauvstakkar har ikkje vore bruksa her, helst ikkje samlauving.

8. Lauvkjervi vart lagra på skukkar i løa, og det var berre smalen som fekk det foret; kor mykje det vart brukt om gongen, veit ikkje nokon å nemna noko visst om.

2

B. Det hende før at dei raka saman askelauv om hausten; dei raka det med rive, og kalla det rakelauv.

Men det var lite dei fekk saman på den måten, og det var kvinnfolki som bala med det. Dette arbeidet er det heilt slutt med no; var heller ikkje brukt i siste verdenskrig.

3039

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING